

Referat fra foreldremøte 19.09.11

Møtet vart også i år delt i to, ein felles del og ein del gruppevis.

Saker:

1. Val av leiar og nestleiar i foreldrerådet. Dette er også foreldrerepresentantar i barnehagen sitt samarbeidsutval.
 - Lisa Marie Eide vart valt til leiar, Tonje Haga til nestleiar.
 - Einar Hamnes og Cecilie Berger vart valt til vararepresentantar.
2. Styrar informerte om vurderingsområda våre året 2011, "Hygiene -handvask med barna" og "Kosthald -turmat".

Me meiner dette framleis er områder me treng å ha fokus på. Me ynskjer difor å forsetja i 2012 å arbeide med desse som vurderingsområde. Det blir dermed ikkje noko ny undersøking i år på kva område de som foreldre ynskjer at me skal ta tak i.. Barnehagen har laga seg rutineplakatar for handvask som skal henga rundt i huset med alle vaskar, og rutineplakatar for turmat som heng på kjøkken og skal vera med i alle tursekker, desse skal jobbast inn med både born og vaksne.

Med bakgrunn i vurderingsområda våre spurte me helsesøster Hanne Robbestad om ho kunne snakke litt til dåke som foreldre om desse temaene.

Ho snakka ein del om smitte og sjukdom hos små barn. Det er ikkje til å komma i frå at barn som går i barnehage er meir sjuke enn born som er heime. Då betyr heimen mest. Har borna **feber** og har dei ein temperatur på over 38 bør dei vera heime. Då seier kroppen frå om at den treng litt ekstra kvile og omsorg. Ein må jobbe saman for å prøve å hindre mest mulig smitte. Har borna hatt **oppkast eller diarè**, seier Hanne at da bør dei haldast heime til det har gått 48 timer sidan sist "utbrudd". Når det gjeld **augekatarr** er ikkje smittefaren så stor som tidligare antatt. Borna kan komma til barnehagen, men ser ein tydlige teikn bør ein kontakta lege for å få ein sjekk, kanskje treng dei behandling. Har borna **brennkoppar** kan dei også komma til barnehagen, men såra skal vera behandla og tildekka. **Lus** er noko som mange blir plagde med. Då er det viktig med tidlig behandling, samtidig som det er **viktig at barnehagen får beskjed**. Det blir då levert ut informasjon til alle i barnehagen om korleis ein kan behandla dette og med det håpar me på å begrense smitten.

Hanne snakka også litt om **sunnt mat** til borna. Ein må tenka på at det blir fort mange laurdagar for eit born. Flott med fruktfat til borna i barnehagen på bursdagar. Treng borna spesialkost så informer barnehagen om det.

3. Informasjon frå gruppene v/pedagogiske leiarar.
Me hadde nokre felles punkt på alle gruppene:

Ås Barnehage

Besøksadresse

Åsringen 67
5417 Stord

Postadresse

Postboks 714
5404 Stord

Telefon: 53402430

Telefax: 53402431

e-post adresse

post@asbarnehage.no

Tilvenningsperioden –oppstarten.

Me snakka litt om korleis oppstarten hadde vore. At gruppene no er godt i gang og mange nye og gamle vennsband er godt etablerte.

Korleis me jobbar i barnehagen.

Me fortalde litt om korleis gruppene er organiserte oppimot kvarandre. Oppe samarbeider ein to grupper ilag. Med utedagar og turdagar, slik at ein best får nytta området inne. Det blir roligere og borna får fleire valg når ein ikkje er inne alle samstundes. Samtidig får ein ulike bussdagar og ein kan då gå på lengre planlagde turar. Nede fordeler ein seg ute og inne på kvar sin dag. Dette for å skapa ein roligere stemning og mest mulig trygghet for alle.

Planar.

I vår barnehage arbeider me etter ein årsplan og ein progresjonsplan. Årsplanen vår er delt inn månadsvis etter fagområda i rammeplanen. Det gir oss ein peikepinn korleis me skal leggja til rette for lek og utvikling på alle alders- og utviklingstrinn. Gruppene arbeider no fram mot Forut-aksjonen 27.oktober.

Medbrakt mat.

I barnehagen hos oss får alle borna den maten dei har behov for. Me har opna for at borna kan ta med litt frukost om dei ynskjer, men då er det nokre ting me vil de skal ta hensyn til;

- Me har born med nøtteallergi i barnehagen. De må for all del ikkje ha noko med nøtter/peanøtter i nista. Dette kan få fatale konsekvensar om feil barn får dette i seg. Td. God-morgon yoghurt, nøttepålegg ol.
- Tenk sunt pålegg og helst nokolunde likt det me serverer i barnehagen.

Praktiske beskjedar.

Det nermar seg vinter med stormskritt, då er det viktig å tenka på at **kva me har i byttekorga. To sett til ei kvar tid**, kanskje litt ekstra sokkar og strømpbukser no i brannøvingstid. Tenk også **ull innerst**, for dei som kan bruke det.

Regnklea må de sjekka kvar dag. Me har ikkje mulighet til å tørke dei, så fint om de kan sjå om dei må takast heim etter ein regntung dag. **Strikk nede på rengbuksa** som me kan festa under støvlane er også viktig, og lurt, då kan rengbuksa brukast lengre og ein blir ikkje så våt.

Regnkle med fleece er ikkje å anbefala. Dei er vanskeleg å få tørre og det blir vanskeleg for borna å regulera varmen.

Merk alle klea, det er lettare for oss å få klea i rett hylle om det står eit fornamn i, gjerne etternamn òg når de veit det er fleire med same fornamn. Det er også lettare å få merka kler til rette eigar om dei har vore på eit besøk i nabohylla....

Kvar fredag ynskjer me at de tar med alle uteklea heim til gjennomgang, eventuelt vask. Denne dagen skal vaskehjelpa vår vaske i hyllene og er dei ikkje tomme blir det litt vanskeleg for dei å gjera reint. Bytteklea som ligg i korga kan ligga igjen.

Referent 28.09.11

Aud Jorunn Vedøy